

---

**Fra:** Knagenhjelm, Trude Knutzen <fmsftkn@fylkesmannen.no>  
**Sendt:** onsdag 25. september 2019 10:56  
**Til:** \*FMVL Postmottak til alle kommunane 2019  
**Kopi:** Vatshelle, Øyvind  
**Emne:** VS: Nytt om SMIL og drenering

Til landbruksforvaltninga i kommunane i Hordaland og Sogn og Fjordane

Vi viser til brev frå Fylkesmannen av 15. februar med tildeling av rammer og føringar for SMIL- og dreneringsmidlane i 2019, der vi bad vi om å få tilsendt statusrapport for midlane.

Vi minner no om dette, og ber om at dei ansvarlege for ordninga sender oss ein kort e-post med følgjande opplysningar innan 1. oktober:

- Behov ut året og estimat på forbruk ut året av gjenståande ramme per 1. oktober (kva er det venta at faktisk vil bli brukt av midlar ut året på kvar av dei to ordningane?)
- Har kommunen behov for ekstra ramme grunna ubehandla saker?
- Kan noko av dei gjenståande midlane bli fordelte til andre kommunar med behov?
- Har kommunen nye satsingar, og ser de teikn til nye trendar som bør takast omsyn til når Fylkesmannen melder inn behov for midlar til fylket for 2020?
- Har kommunen nye behov i 2020 og kva grunnar er det til desse nye behova?

Fylkesmannen har framleis ein pott med disponible midlar til fordeling til kommunar som har behov for tilleggsramme til ordningane, og erfaring viser at enkelte kommunar står att med ubrukne midlar ved årsslutt. Rapporteringa 1. oktober er viktig for at vi skal klare å fordele mest mogleg av potten til fylka, for så å melde dette inn til direktoratet i årsrapporten. Dette vil igjen vise att på neste års løyving til Vestland.

Vi gjer òg merksam på at Landbruksdirektoratet har gjort endringar i vedtaksmalane for drenering i Agros som følgje av innmeldte ønskje frå kommunane. Det er teke vekk noko standardtekst og lagt til noko ny tekst. Saksbehandlar må som tidlegere skrive i fritekstfeltet «begrunnelse for vedtaket» for å få vedtaket tilpassa den enkelte saka. Ved avkorting skal òg grunngjevinga for avkorting inngå i feltet «Begrunnelse» under panelet «Fatte vedtak».

Nytt er at vedtaksmalen for løyving inkluderer ei oversikt over korleis tilskotet er rekna ut.

Den nye versjonen av malane er tilgjengelig på Landbruksdirektoratet sine nettsider. Sjå punkt 24 «Hva er siste versjon av malene?» på sida «Ofte stilte spørsmål»:

<https://www.landbruksdirektoratet.no/no/om-landbruksdirektoratet/utviklingsprosjekter/agros/dokumentasjon#ofte-stilte-spoersmaal->

Med venleg helsing

**Trude Knutzen Knagenhjelm**  
seniorrådgjevar



**Fylkesmannen i Vestland**

Telefon: 57 64 30 94

Mobil: 915 56 522

E-post: [fmsftkn@fylkesmannen.no](mailto:fmsftkn@fylkesmannen.no)

Web: [www.fylkesmannen.no/vl](http://www.fylkesmannen.no/vl)